

Skreven Spring år 1950.

### Eikedalen

Eg veit ein stad der min hug er fest  
det er Eikedalen so fine.  
Når eg kjem dit er eg høgste gjest,  
og barne-minni dei skine.  
Å Englafjell stend varde-vakt,  
og Mannen hev ved sida,  
og saman stend dei vel i pakt  
til livd for bjørkelida

Når mødd og sliten av livsens kav  
og trøytt eg vert av verdi.  
Då tek i handi eg far sin stav,  
og gjev meg ut på ferdi.  
Til Eikedalen då eg gjeng  
til gamle kjære stader,  
og fylgjesvein eg inkje treng  
eg vert til soli glader.

Her finn eg vener frå barndomstid  
i stein og hamrar og haugar.  
Når gauken gjele` i bjørkelid  
då tåra auga mitt lauga.  
Og elvi renn i kåte kast  
med vatnet det klåre,  
eg set meg ned, hev ingi hast  
her drikk eg utan fåre.

No er dei burte dei gamle go`  
som jaga bjørnen i dalen.  
Og far si stemma er tagna ho,  
som lokka mildt på smalen.  
Men dalen ligg her like traust,  
og like fin og fager,  
og skifter ham ved vår og haust  
just som i farne dagar

Min barne-heim er på framand hand  
no andre styrer garden.  
Og far og mor hev nått eveland  
dei båe burt er faren.  
Men Eikedalen mot meg tar,  
som mor meg kjærleg femner,  
og minni hev eg her om far  
kvar gong når hit eg stemner.  
*Engel Steinsletten f. Eik*

*Engel Eik Steinsletten*